

**RAPPORT FOR TILDELTE MIDLAR TIL TILTAK FOR Å STYRKE FORMIDLINGA I BIBLIOTEKA  
FITJAR FOLKEBIBLIOTEK**

**Saksref. 2020/1102**

**Bestillerref. 1420 sati**

**Prosjekttype: Aktiv formidling 2021**

**Tittel tiltak: Bokstart – les for meg**

Måla har vore å;

1. Fremme leselyst ved å gjere litteraturen tilgjengeleg for alle småbarnsfamiliar i kommunen.
2. Styrke foreldre sitt medvit om den viktige rolla dei spelar for barn si språk- og identitetsutvikling.
3. Leggje til rette for at alle barn skal utvikle eit språk som er så godt som mogleg etter deira føresetnad.

REKNESKAP RAPPORT	
Motteke frå Nasjonalbiblioteket	Kr. 75.000,-
Eigenandel	Kr. 15.000,-

Desse midlane har vore nytta til å lønne ein formidlar i 16 % stilling.

Ein viktig samarbeidspartnar i dette prosjektet har vore helsestasjonen i kommunen. Ved heimebesøk til nyfødde har dei delt ut brosjyre til føresette. Når barnet er 6 månader har dei fått ei bok frå biblioteket. Formidlar har vore med på 3 barseltreff der ho har snakka med føresette om kor viktig det er å lese for barna. På 2-årskontrollen på helsestasjonen har barna fått ei ny bok frå biblioteket.

Tilsette på helsestasjonen og biblioteket laga ein informasjonsvideo om kor viktig det er å lese for barn. Denne ligg på Youtube. <https://www.youtube.com/watch?v=y3CGtMpn8Io&t=1s>

Formidlar har vore på besøk til alle småbarnsavdelingane i kommunen sine 5 barnehagar og fortalt eventyr. Ho har og hatt innlegg på foreldremøte i 2 barnehagar der ho snakka om kor viktig det er for barna si utvikling emosjonelt, sosialt og kognitivt å bli lest mykje for.

Biblioteksjef og formidlar har hatt innlegg på leiarmøte for barnehagane sine styrarar. Og dei hadde eit personalmøte for alle tilsette i barnehagane der dei snakka om og anbefalte ulike typer barnebøker.

Alle kommunen sine 1.-klassingar fekk utdelt bibliotek-kort. I den samanheng hadde me eit opplegg med ein av våre lokale forfattarar; Anna Folkestad.

Biblioteksjef har hatt lesestunder i småskulen ein gong pr. halvår.

Formidlar hadde eventyrstunder i ein lavvo under ein julemarknad i kommunen.

P.g.a. korona blei det berre eit besøk i kvar barnehage. Målet var 2.

Helsesjukepleiarane har dette året vore opptekne med testing og vaksinerings, difor vart det og færre barselgrupper enn ønska.

Me hadde planlagt både familielaurdag og småbarnstreff på biblioteket, men avlyste p.g.a fare for smittespreiing.

Dette prosjektet har vore ei positiv oppleving. Det har vore kjekke aktivitetar og me har fått gode tilbakemeldingar. Personalet i både barnehagar og skular har vore positive og likar at me kjem til dei og formidler.

Opplevde og at personale og føresette tok godt imot og såg nytten av å bli påminna viktigheten av lesing. Både på barselgrupper, foreldremøter og personalmøte har me fått gode tilbakemeldingar.

I forhold til det me skreiv i søknaden har me gjort fleire ting enn det me hadde som mål der.

Det vart færre eventyrstundar/besøk i barnehagar og barselgrupper enn me hadde tenkt. Og småbarnstreff og familielaurdag vart det ingenting av. Alt dette p.g.a. korona.

Me opplever at me har fått eit ennå betre samarbeid med både barnehagane og helsestasjonen i kommunen. Det vil gjere det lettare for både oss og dei å ta kontakt med kvarandre framover. Trur fleire barnehagetilsette og foreldre no ser at biblioteket kan vere ein god plass å oppsøke.

Fitjar 03.01.2022

Rita Hindersland Huse, prosjektkoordinator